



Namn på verksemd: Sogn og Fjordane Teater LL

**Om institusjonen**

Namn SOGN OG FJORDANE TEATER LL  
Organisasjonsnummer 929181557  
Telefonnummer 90990600  
E-post post@softeater.no  
Bankkontonummer 37000707008

**Besøksadresse**

Adresse Angedalsvegen Førdehuset  
Postnummer 6800  
Poststad FØRDE

**Postadresse**

Adresse Postboks 324  
Postnummer 6802  
Poststad FØRDE

**Kontaktperson**

Fornamn Margunn Grytten  
Etternamn Selvik  
Telefonnummer 97085667  
E-post margunn.grytten.selvik@softeater.no

## Oppsummering og kontroll

Oppsummering av søknadsbeløp	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2018	2018	2019	2020
Kulturdepartementet	19 410	19 410	19 870	22 970
Sum nye tiltak				3 100
<b>Oppsummering av søknad</b>				
Totale egeninntekter	1 343	1 569	1 610	2 030
Ord. offentlig driftstilskot	27 728	27 729	28 386	32 656
Anna offentlig driftstilskot	0	0	0	0
Totale driftsinntekter	29 071	29 298	29 996	34 686
Totale driftskostnader	29 320	29 592	30 216	34 490
Driftsresultat	-249	-294	-220	196
Årsresultat	-300	-318	-215	199

### Gi ei forklaring på årsaker til det negative årsresultatet og forklar korleis dette blir dekt inn.

Det var budsjettert med underskot på kr 305 000 for 2018 og såleis er resultatet som planlagt. Etter fleire år med overskot som har styrkt eigenkapitalen, avgjorde teateret å nytte noko av dette i 2018. Underskotet blir dekt inn med opptent eigenkapital.

### Gi ei forklaring på årsaker til at det er budsjettert med underskot 2019

Styret har vedteke eit budsjett med underskot for 2019. Vi satsar på ein nyskriven musikal, Jostedalsrypa, med premiere i 2019. Dette er ei storsatsing som vi ynskjer å lage, utan å måtte redusere på anna aktivitet ved teateret dette året. Vidare har vi eit sterkt ynskje om å auke turnéverksemda. Vi planlegg å turnere med nokre gjestespel i tillegg til egne produksjonar. Sogn og Fjordane Teater har over fleire år styrkt eigenkapitalen ved overskot, og styret er samde om å nytte dette no.

	31.12.2016	31.12.2017	31.12.2018
<b>Sum eigenkapital</b>	4 090	4 369	4 051

Eg stadfestar at tala er korrekte



# Rapport - Økonomisk utvikling

## Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til likviditet

Likviditetsgrad 1 er på 0,3 som syner at likviditeten til teateret er stram pr. 31.12.18. Tidspunktet for utbetaling av tilskot er hovudårsaka til stram likviditet ved årsskiftet. Etter overføring av tilskot i januar 2019 er likviditeten monaleg betra. Vi har kartlagt aktuelle tiltak for å betre likviditeten som vi vil setje i verk ved behov.

## Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til eigeninntekter

Eigeninntektene i 2018 er på 5,3 % som er det same som i 2017. I 2016 var dei på 4,7 % og i 2015 6,7 %. Eigeninntektene svingar med billettsalet og tal og type samarbeid med både Den kulturelle skulesekken (DKS) og andre. Det viser seg vanskeleg for oss å finne sponsorar i fylket. Sjølv om mange leverandørar er villige å gje gode rabattordningar og prisar, har vi ikkje lukkast med å skaffe sponsorar som bidreg med gåver eller større tildelingar.

## Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til kostnader knytt til løn og pensjon

Auken i lønskostnader er i tråd med dei sentrale oppgjera og svingar i takt med prosjekta. Det er utfordrande med aukande kostnader knytte til reise og bustad. Spesielt til flyreiser har vi sett auka kostnader siste åra. Eit lite teater har lågare royalti frå billettsal enn dei store scenene, det påverkar den totale inntekta til dramatikarar og komponistar. Dette gjer at forventningane til honorar og andre vilkår er høgare hjå oss enn til scener i meir tettbygde strøk. Pensjonskostnadene frå den lukka ytingsbaserte ordninga i KLP er høgare i 2018 enn i 2017. Vi var budde på dette. Det var venta ein auke i pensjonskostnader i ein periode før fordelene av ny pensjonsordning gjer seg gjeldande.

## Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til eigenkapital

Teateret har sidan 2010 arbeidd medvite for å auke eigenkapitalen. Per 31.12.2018 er den i overkant av 4 mill. kroner, og vi vurderer det som godt. Målet til styret og administrasjonen er å ha ein eigenkapital som tek høgde for uventa svingingar i økonomien. God eigenkapital gjev dessutan fridom til å gjennomføre einskilte storsatsingar enkelte år, utan at det vil påverke aktivitetsnivået. Etter å ha styrkt eigenkapitalen over fleire år, vedtok styret eit budsjett med underskot for 2018 og no også i 2019. Det blir prioritert å bruke tidlegare avsett overskot til satsingar i 2019.

## Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til andre sentrale problemstillingar

Det kan tvinge seg fram tiltak som gjer at kostnader til husleige aukar. Vi har behov for meir areal og betre tilpassa lokale. I 2018 har vi arbeidd med alternative lokale i det planlagde «Nynorskhuset» i samarbeid med NRK Sogn og Fjordane og Avishuset Firda. Grunna regionreforma ser vi føre oss å ha eit større turnéområde i åra framover. Dette vil krevje at vi kan styrke økonomien vår. I tillegg uroar vi oss over auken i kostnader knytte til reise og opphald. Dette kan utgjere meir av driftskostnadene våre i framtida. Det meste av fagleg påfyll, kurs og seminar skjer i hovudstaden. Det er difor ikkje berre hos tilreisande at reisekostnadene går opp, men òg blant administrativt og teknisk personale.

## Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Vi arbeider systematisk for å betre planlegging og styring av bemanning og andre ressursar. Vi har hatt ei positiv utvikling siste åra og har auka aktiviteten vår. Vi har lukkast med dette utan å bruke fleire årsverk til støtteapparatet. Etter siste års ABE reform ser vi at vi ikkje har meir å gå på no. Vi ser på samarbeidsprosjekt som god ressursutnytting og søker å samarbeide med ulike aktørar der vi kan.

## Økonomi - Eigeninntekter

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2018	2018	2019	2020
Billettinntekter	1 323	1 483	1 560	1 850
Honorar				
Inntekter frå butikk				
Inntekter frå kafé				
Inntekter frå andre varer				
Utleige av lokale	10	71	30	50
Andre tenester	10	15	20	30
Sponsorinntekter				
Gåver				100
Andre				
Totalt	1 343	1 569	1 610	2 030

**Budsjettpostane «Honorar», «Inntekter frå andre varer» og «Inntekter frå andre tenester» bør spesifiserast her.**

Inntekter frå andre tenester skriv seg frå utleige av utstyr til lokale lag og organisasjonar.

## Økonomi - Offentleg tilskot

Ordinært offentlig driftstilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2018	2018	2019	2020
Kulturdepartementet	19 410	19 410	19 870	22 970
Fylkeskommune/ fylkeskommunar	6 239	6 239	6 387	7 252
Kommune/kommunar	2 079	2 080	2 129	2 434
Anna				
<b>Totalt</b>	<b>27 728</b>	<b>27 729</b>	<b>28 386</b>	<b>32 656</b>

### Spesifisering av anna offentlig ordinært driftstilskot

Andre offentlege tilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2018	2018	2019	2020
Kulturdepartementet				
Fylkeskommune/ fylkeskommunar				
Kommune/kommunar				
Den kulturelle skolesekken				
Anna				
<b>Totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Spesifisering av andre offentlege tilskot

<b>Totale driftsinntekter</b>	<b>29 071</b>	<b>29 298</b>	<b>29 996</b>	<b>34 686</b>
-------------------------------	---------------	---------------	---------------	---------------

## Økonomi - Driftskostnader

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2018	2018	2019	2020
Utgifter til butikk				
Utgifter til kafé				
Andre varer og tenester	2 300	647	506	800
Lønnskostnader	18 435	18 678	20 217	21 900
Pensjonskostnader	1 750	2 123	1 650	2 200
Avskrivningar	670	586	650	800
Drift av lokale	300	218	166	220
Vedlikehold av lokale/bygg	185	204	120	170
Husleigekostnader	1 680	1 470	1 630	1 700
Andre driftskostnader	4 000	5 666	5 277	6 700
<b>Totale driftsutgifter</b>	<b>29 320</b>	<b>29 592</b>	<b>30 216</b>	<b>34 490</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-249</b>	<b>-294</b>	<b>-220</b>	<b>196</b>

## Økonomi - Finanspostar og ekstraordinære postar

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2018	2018	2019	2020
<b>Finanspostar</b>				
Finansinntekter	16	14	13	13
Finanskostnader	67	38	8	10
<b>Resultat</b>	<b>-51</b>	<b>-24</b>	<b>5</b>	<b>3</b>
<b>Ekstraordinære postar</b>				
Ekstraordinære inntekter				
Ekstraordinære kostnader				
<b>Resultat</b>		<b>0</b>		
<b>Årsresultat</b>	<b>-300</b>	<b>-318</b>	<b>-215</b>	<b>199</b>

## Økonomi - Balanse

<b>Anleggsmidler</b>	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2018</b>
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmidler	6 731	7 148	6 597
Finansielle driftsmidler	521	587	655
Sum anleggsmidler	7 252	7 735	7 252
<b>Omlaupsmidler</b>			
Varer			
Krav	76	115	360
Finansielle investeringar			
Bankinnskot, kontantar o.l.	1 016	1 504	441
Sum omlaupsmidler	1 092	1 619	801
<b>Eigenkapital</b>			
Innskoten eigenkapital	100	100	100
Opptent eigenkapital	3 990	4 269	3 951
Sum eigenkapital	4 090	4 369	4 051
<b>Gjeld</b>			
Langsiktig gjeld		1 425	
Kortsiktig gjeld	4 254	3 560	4 002
Sum gjeld	4 254	4 985	4 002
<b>Summering</b>			<b>31.12.2018</b>
Sum egedelar			8 053
Sum eigenkapital og gjeld			8 053

Eg stadfestar at rekneskapen er revidert

Kryss av her viss tiltaket er ei kommunal/ fylkeskommunal eining og ikkje utarbeider eigen balanse.

## Kommentarar til rekneskap og balanse. Sjå hjelpetekst.

Teateret er nøgde med resultatet for 2018 som er i tråd med vedteke budsjett. Resultatet syner eit underskot på kr 318 171, og det var budsjettert med eit underskot på 301 662. Billetinntektene på kr 1 482 651 er om lag kr 160 000 betre enn budsjettert. Det har medverka til at teateret har hatt kapasitet til å bidra til fleire samarbeidsprosjekt i 2018. Samla driftsinntekter i 2018 var 29,3 mill. Av desse er 5,3 % eigeninntekter, som er stabilt for dei siste 3 åra. Teateret inngjekk i 2016 avtale om innskotsbasert pensjon. Kostnader til teateret si pensjonsordning vart høgare enn budsjettert i 2018. I tråd med rekneskapsstandarden for små bedrifter vert pensjon ikkje balanseført. Den er omtalt i eigen note i årsrekneskapen (note 5). Teateret er i si ordinære verksemd utsett for låg rente-, kreditt- og valutarisiko og arbeider medvite med å ha ein akseptabel risiko på desse områda. Resultatet i 2018 reduserer eigenkapitalen til teateret til rett over 4 mill. kroner pr. 31.12.2018. Eigenkapitalen er i tråd med styret sitt mål om å skape handlingsrom til enkeltsatsingar og til å tole naturlege svingingar i økonomien.



# Rapport - Vurdering av måloppnåing

## Rapportering av måloppnåing (oversyn)

Namn på mål

Ungdom

Nyskriven nynorsk dramatikk

Klassikarane

## Andre krav og føresetnader for statstilskotet i rapporteringsåret

SoFt skal skape teateropplevingar, gjere bruk av nynorsk målform og vere ein ressurs for born, unge og nye publikumsgrupper i Sogn og Fjordane.

Etablering av lab-prosjekta gjev oss høve til å forske i ulike prosjekt for framtida. I 2018 har vi, i produksjonane «Nasjonale prøver» og «Eg er i går», hatt samarbeid som involverer mange amatørar på scena. Saman med Rom for ord produserte vi ei framsyning om Vinje. Den turnerte på Vestlandet og vart vist på ulike litteraturfestivalar. Vi har òg, saman med Rom for ord, gjennomført «Nynorsk barnebokfest» på fleire stader. Gjennom samarbeid med Førdehuset, Førdefestivalen og Førde kulturskule har vi gjennomført lågterskeltilbod som Familielaurdagar, Bornas Verdsdagar i Førde og Jul i Førdehuset med eventyrlesing, song og verkstader med impro, scenekamp og sokkedokkelaging for små og store. Teateret har teke imot ungdomsskuleelevar frå Førde, Jølster, Gaular og Sandane på hospitering. Streaming av lansering av teateråret vart også testa ut i 2018.

## Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

SoFt si verksemd er ein del av ein Nasjonal kulturpolitikk. I haust la kulturministeren fram ei ny kulturmelding. I den blir det framheva at dei overordna måla er å bidra til at alle skal ha tilgang til kunst og kultur av høg kvalitet. Det vert òg framheva kor viktig det er å verne og styrkje dei nasjonale minoritetsspråka. SoFt er ein scenekunstinstitusjon i ein perifer region med spreidd busetnad. For å vere tilgjengeleg for innbyggjarane i S&F og legge til rette produksjonane våre for turné, inneber det at ein stor del av dei økonomiske ressursane går med til å dekke hotell, diett og reise til eigne turnéar i regionen, men òg utgifter til reise og opphald for våre frilans scenekunstnarar. SoFt har avgrensa høve til å skaffe støtte frå private instansar. Det er få store lokale næringsaktørar i vår region. Difor er gåveordninga, privat finansiering av kulturverksemd, av svært avgrensa verdi for oss i distrikta, og den verkar sentraliserande.

## Rapportering av måloppnåing

Tittel/omtale av mål

Ungdom

### Omtale av venta resultat i høve til målet

Ungdom

Vi held fram satsinga vår på eit yngre publikum. Som med UNG 2016 er målet å stimulere interessa for teaterkunst, og i denne samanhengen også for litteratur.

Sogn og Fjordane Teater har på repertoaret for 2018 fleire nye samtidsorienterte produksjonar, blant anna "Nasjonal prøve". Dette er ein surrealistisk fabel om skule og terror, skriven av Maria Tryti Vennerød. Stykket vart skriven for DUS (Den unge scene) i 2011. "Nasjonal prøve" er eit samarbeidsprosjekt med dramalinja ved Firda vidaregåande skule. Prosjektet skal gå over eitt år. Ein profesjonell instruktør blir involvert, og profesjonelle skodespelarar spelar dei vaksne i stykket. Dei 13 elevane frå dramalinja har dei andre rollene. Prosjektet skal avsluttast med ein turné i regi av Sogn & Fjordane Teater. Dette blir òg eit samarbeidsprosjekt med DKS. Dei unge skal spele for dei unge.

Eit anna prosjekt som vi òg forventar vil skape ei større interesse for teatret er "Julekrybba", årets siste premiere. I 2016 var "Julekrybba" ein stor suksess, og målet er at produksjonen skal takast opp att annakvart år. Teateret står for den profesjonelle ramma, og gjennom samarbeidet med kulturskular i fylket håpar vi på barn og unge som aktørar.

Vi trur at når ungdommen ikkje berre er passive mottakarar men òg deltakarar, er dette med på å skape ei større interesse for teateret i det heile. Det vil òg få ein synergieffekt, det skaper nye publikumsgrupper både blant unge og vaksne.

### Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Sogn og Fjordane Teater har som prosjekt å formidle teater for og til ungdom.

Vi ynskjer å bevisstgjere eit yngre publikum ved at dei skal vere både involverte i teaterprosjekt og tilskodarar. I 2018 var ungdomane aktørar. "Nasjonal prøve", av Maria Tryti Vennerød, eit samarbeidsprosjekt mellom SoFT, DKS og FVG (Firda vidaregåande skule) gjekk over eit år. Ein profesjonell instruktør jobba i 8 veker, med 3 hovudbolkar fordelte over eitt skuleår. Den siste var saman med teateret sine skodespelarar. Klassa fekk òg innføring i dramaturgi, lys, lyd, kostyme og scenografi. Det er viktig å rekruttere ungdomar til publikum men òg til andre fagområde på teateret. Rekruttering av skodespelarar med vestnorsk målføre er òg av stor verdi for eit nynorsk teater. Produksjonen vart avslutta med ein turné som gjekk over to veker. Tilbakemeldingane har vore positive, og klassa vart meir samansveisa. Målet vårt er å skape auka interesse for teateret og føre til at vi kan nå nye publikumsgrupper.

Tittel/omtale av mål

Nyskriven nynorsk dramatikk

### Omtale av venta resultat i høve til målet

Ny dramatikk. SoFt har som mål å ha minst ein urpremière i året som er skriven på nynorsk for å auke språkforståinga og verdien av det nynorske språket som scenespråk. I løpet av 2018 har vi to urpremièrar. Hausten 2018 opnar vi med "Yogakrigen" av Ingrid Jørgensen. Manuset er utvikla i samarbeid med Dramatikkens hus. Stykket er samtidsdramatikk og handlar om kvinner i alle aldrar og deira kvardagsproblem: Angsten for ikkje å strekke til, angsten for ikkje å vere pen nok, slank nok eller dyktig nok. Det heile er sett gjennom humoristiske briller. "Eg er, i går" blir andre urpremièren vår. Det er eit prosjekt som er i slekt med UNG 2016. Dei eldre skal involverast, både med tekst og på scena. Dei skal dele sine eigne historier, liv og erfaringar med oss, og dei skal formidle personlege og lokale historier som har sine røter i og vedkjem folk i regionen. Vi vonar dette blir eit samarbeidsprosjekt med både Den Kulturelle Spaserstokk og med DKS. Den yngre generasjonen skal få høyre oppveksthistorier, krigshistorier, kjærleikshistorier og korleis det er å vera gamal i Norge anno 2018. Dei eldste innvandrarane i fylket skal også vere representerte i "Eg er i går". Det er profesjonelle skodespelarar som fortel dei gamle sine historier, men dei gamle er representerte på scena som dei historiske vitna dei er. Teateret har som mål å fortelje historier som er samfunnsaktuelle, identitetskapande og til å kjenne seg att i, historier som byggjer på lokal kunnskap og tradisjon.

### Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

I 2018 hadde SoFt to urpremièrar skrivne på nynorsk. Haustsesongen opna med "Yogakrigen" av Ingrid Jørgensen Dragland. Manuset vart utvikla i samarbeid med Dramatikkens Hus. I 2016 arrangerte SoFt workshop som førebuing til produksjonen. Stykket er ein komedie i ei spennande og nyskapande form, og den handlar om kvinner i alle aldrar. Framsyninga vart godt motteken av kritikarar og publikum. Manuset blir no distribuert på Det Nordiske Forlag omtalt som "hylande morosam komedie» og « ... herleg tekst for 5 kvinner». Vår andre urpremière var "Eg er i går" der 12 eldre personar frå heile Sogn og Fjordane er forfattarar. Den eldste var 101 år, den yngste 75. Manuset vart bygt opp omkring historier frå levde liv, frå 30-talet opp til i dag gjennom oppvekst i eit agrikulturelt samfunn før og under krigen, etterkrigsåra, med nye generasjonar som veks opp, industrisamfunn som veks fram, bygda som er i endring, alderdom, vonbrot, glede og gløymse. Framsyninga vart ein stor suksess.

Tittel/omtale av mål

Klassikarane

### Omtale av venta resultat i høve til målet

#### Klassikarane

Sogn og Fjordane Teater skal ha ein høg profesjonell kvalitet for å gi best mogleg kunstnarlege opplevingar til eit størst mogleg publikum. Teateret har som mål å vere ein spennande og utfordrande aktør i kulturlivet i Sogn og Fjordane. Repertoaret er bygd på desse prinsippa: nasjonal og internasjonal påverknad, aktuelle tema i samtida, spele moderne samtidsdramatikk og klassisk dramatikk.

Det er viktig å ta i vare dei store klassikarane. Ein klassikar er alltid aktuell. Tematikken er allmenngyldig, karakterane er arketypar det er lett å kjenne seg att i. Ein klassikar gir oss større kunnskap om oss sjølve. Kjenner vi klassikarane våre, kjenner vi fortida vår, og dette gir oss større forståing for vår eiga samtid og framtid. Når ein kan kjenne att seg sjølv i andre og andre i seg sjølv vert ein flinkare til å vise empati og forståing. Vi blir meir opne og vi får innsikt i at vi alle er ein del av ein større heilskap.

I 2016 spelte vi "Vildanden" av Henrik Ibsen, i 2017 "Privattimen" av Ionesco . I 2018 håpar vi å kunne starte sesongen med ein klassikar frå nær fortid: "Kven er redd for Virginia Woolf".

Marknadsundersøkinga i 2016 viser at teateret sitt publikum har stor interesse for klassikarane. Det er òg svært viktig at det yngre publikumet vårt lærer denne litteraturen å kjenne.

### Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Sogn og Fjordane Teater har som mål å lage framsyningar av høg kunstnarisk kvalitet.

Repertoarplanlegginga byggjer på prinsippa lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Vi skal spele samtidsdramatikk og klassisk dramatikk. I mi periode som teatersjef har vi fokusert på kjende og ukjende klassikarar. Ein klassikar er alltid aktuell. Kjenner vi klassikarane våre, kjenner vi fortida vår, og dette gjev oss større forståing for vår eiga samtid og framtid. I 2018 har vi satsa på den for mange meir ukjende dramatikaren Dürrenmatt, og hans mest spelte og framleis dagsaktuelle stykke "Fysikarane". Stykket handlar om ei oppfinning som kan utslette alt liv på jorda, og som hamnar i hendene på ein som ynskjer verdsherredømme. Ynskjet var at framsyninga skulle gje ei noko annleis teateroppleving. Publikum vart utstyrte med hovudtelefonar, og lydbiletet og dialogen vart direktesendt frå scene til sal. Framsyninga vart godt motteken.

## Rapport - Vedlikehald

Kva år blei det sist gjennomført eksterne tilsyn av utstys- og eigeidsforvaltinga (med rapportar om tilstand, planar, gjennomførte tiltak, kompetanse og organisering)?

Er det utarbeidd investerings-/vedlikehaldsplan som oppfølging av rapporten?  Ja  Nei

**Det skal utarbeidast plan for oppfølging av tilsynsrapporten, medrekna årleg forbruk og rekneskapsmessige avsetjingar til føremålet**

Er tilsynsrapporten og plan for oppfølging sendt til KUD?  Ja  Nei

**Tilsynsrapport og plan for oppfølging, medrekna årleg forbruk og rekneskapsmessige avsetjingar til føremålet, skal sendast til KUD**

**Kort omtale av arbeidet med oppfølging av vedlikehald av bygningar, lokale og utstyr ved institusjonen. Viss nei på eitt eller begge føregåande spørsmål, må det omtalast her.**

Både administrasjon, verkstad og spelelokale I Førdehuset, leiger vi av Førde kommune. Vi har ikkje ansvar for vedlikehaldet av lokala. Samarbeidet med Førde kommune er godt. I skrivande stund arbeider vi med planar om å flytte inn i nye lokale i Førde frå 2022. Det er tett dialog med eigarane om flytteplanane, og difor er noverande huseigar, Førde kommune, godt kjende med planane. Vi går gjennom behova for investering av utstyr i samband med budsjettarbeidet kvart år. Avdelingsansvarleg og fagansvarleg melder inn behov for fornying og vedlikehald av utstyr. Leiargruppa gjer prioriteringar og utformar investeringsplan for kvart år. Vi eig tre leilegheiter der alle tre er etter dagens standard og utan behov for renovasjon eller særleg grad av vedlikehald dei neste fem åra. Elles eig vi to bilar, ein lastebil som var ny i 2014 og ein varebil av eldre dato. Vi meiner at storleiken vår gjer at det er formålstenleg å vurdere behov for vedlikehald og nye investeringar som skildra ovanfor. Om departementet meiner at vi likevel skal gjennomføre ekstern kontroll, ber vi om at vi blir gjort merksame på det.

# Søknad - Mål og prioriteringar

## Måla for verksemda i søknadsåret (oversyn)

Målnummer	Tittel/omtale
1	Produsere framsyningar av høg kvalitet
2	Eit offensivt og profesjonelt turnéteater
3	Auke aktivitetsnivået

## Strategiar og langsiktige planar for dei neste tre åra

Hovudmål for 2020 – 2022

1) Sogn og Fjordane Teater skal vere eit turnéteater for den nye regionen Vestland.

Sogn og Fjordane teater har, på bakgrunn av fylkessamanslåinga, sett nye mål for sitt virke i det nye fylket. Vår kompetanse og erfaring som turnéteater gjennom over 40 år gjer oss i stand til å bli Vestland Turnéteater. Eit breitt og godt teatertilbod der folk bur, bidreg til gode lokalsamfunn og ein framtidsretta kultur – og folkehelsepolitikk. Språket vårt er òg ein viktig felles identitetsmarkør å byggje fellesskap med

( Sjå vidare grunngjeving under punktet "Nye tiltak som føreset auka statleg driftstilskot")

2) Utarbeide ein innovativ strategi for turné, i samsvar med punkt 1.

3) Oppretthalde produksjonsnivået: Fire store, tre mindre, tre små.

4) Auke publikumsoppslutninga til 25 000 i løpet av 2020 – 2022.

5) Auke personale og kompetanse i organisasjonen; kunstnarisk, teknikk/verksted og administrasjon.

6) Sogn og Fjordane Teater har som mål å flytte inn i nye lokale, Nynorskhuset, saman med NRK Sogn og Fjordane, Avishuset Firda, NRK Nynorsk Medisenter og Nynorsk Avissenter (praktikantkurs). Nynorskhuset vil bli eit kombinert medie- og teaterhus i Førde og ei av dei største nynorskkyngene i landet.

Nynorskhuset «skal bli eit nasjonalt kraftsentrum for norsk språk og kultur. Sogn og Fjordane og Hordaland er det nynorske grunnfjellet. Ved samlokalisering av ei rekkje kultur- og medieaktørar, vil vi utvikle ei motvekt til forvitring av det nynorske språket».

( Sjå vidare grunngjeving under punktet "Nye tiltak som føreset auka statleg driftstilskot")

Delmål:

1) Eit allsidig repertoar med produksjonar av høg kunstnarisk kvalitet som engasjerer og utfordrar.

2) Høg kompetanse hos teateret sitt personale. Kompetansekartlegging i organisasjonen og plan for etterutdanning og kursverksemd som tiltak for fagleg utvikling, både innanfor kunstnarisk og teknisk verksemd.

3) Marknadsundersøkinga for 2016 er lagd til grunn for utvikling og vidare arbeid med strategi for sal og marknadsføring, og ei utvida marknadsundersøking må gjerast gjeldande i nye Vestland fylke.

4) Kartleggje nye og utfordrande spelestader i både Sogn og Fjordane og Hordaland. Vurdere spelestader ut frå kriterium som engasjement, oppslutnad, format, tematikk, atmosfære og tekniske spesifikasjonar.

5) Utvide verksemda i vertskommunen Førde. Døme: Eventyrrommet, gjestespel, musikalske samvær, samarbeidsprosjekt med Førde Kulturskule, Danseverkstaden, Rom for ord og Biblioteket.

6) Utvida samarbeid mellom dei to nynorskscenene i det nye Vestland.

(SoFt og Hordaland Teater).

7) Innflytting i Nynorskhuset desember 2022.

8) Fornye strategiplanen i samsvar med utvida turnéområde og ny lokalitet i Førde.

## Mål for søknadsåret

Tittel/omtale av mål

Produsere framsyningar av høg kvalitet

### Omtale av venta resultat i høve til målet

I den nye kulturmeldinga kjem det fram at kulturinstitusjonar skal vere ein arena for meningsbryting. Sogn og Fjordane teater sitt repertoar skal vere lokalt forankra, nasjonalt orientert og internasjonalt inspirert. Vi skal engasjere, inspirere og provosere. I 2020 skal vi gje publikum eit mangfald av opplevingar og tilbod av høg kunstnarisk kvalitet som skal kome flest mogleg til gode. Vi satsar på samtidsdramatikk, nyskriven nynorsk dramatikk, og klassisk internasjonal dramatikk, m a «Tolvskillingsoperaen» av Bertolt Brecht. Dette blir eit stort løft for eit lite teater, men under leiing av ein av landets mest spanande og erfarne regissørar, Bentein Baardson, håpar vi ei slik framsyning vil auke kultur- og kunstinteressa i regionen. Eit gjestespel frå den internasjonalt anerkjende gruppa The Krumple, er også planlagt. Monologen "Moren" frå trilogien "Messias" av Håvard Rem skal turnere i kyrkjene i Sogn og Fjordane.

## Mål for søknadsåret

Tittel/omtale av mål

Eit offensivt og profesjonelt turnéteater

### Omtale av venta resultat i høve til målet

SoFt skal gje heile regionen tilgang på gode kulturopplevingar som er samfunnsaktuelle, relevante og viser kvar vi høyrer til. Historier som byggjer på lokal kunnskap og tradisjon, framførde på eit vestnorsk, nynorsk scenespråk.

I løpet av 2020 skal vi ha ein urpremière. Frå 01.01.2020 blir Sogn og Fjordane slegne saman med Hordaland til eit nytt fylke, Vestland. Dette må kommenterast også frå scena. Vi skal med eit skrått blikk kommentere politiske avgjerder, fordelingsnøklar for naturressursar og kvar tenkjelege misforståing som kan oppstå når vestlendingar, busette mellom fjell og fjordar, skal sameinast. Frå scenekanten skal vi utbasunere denne tematikken, noko vi håpar vil gje publikum i heile den nye storregionen morosame problemstillingar, gode idear og mykje latter. Framføringa skal turnerast i den nye regionen. Det skal vi òg med den non-verbale framsyninga "Sunniva no ", ein interaktiv og samtidsorientert danseproduksjon som byggjer på legenda om St. Sunniva.

Tittel/omtale av mål

Auke aktivitetsnivået

### Omtale av venta resultat i høve til målet

Aktivitetsnivået på teateret skal aukast. I Eventyrrommet skal det framførast historier som skal turnerast til barnehagar og småskulen. Vi skal besøkje eldreheimar og seniorsenter med mindre framsyningar. Formidlingsprofilen skal forsterkast med opplesingar, den gode samtalen og paneldebattar.

SoFt skal vere ei tydeleg stemme i den offentlege kunst- og kulturdebatten i området.

SoFt er eit kraftsenter som skal halde fram med å styrkje nynorsken, og eit sterkt nynorsk teater treng gode dramatikarar. Difor må vi starte med dei yngste og ta vare på dei sterke kreative kreftene som fylket fostrar. Vi skal, i samarbeid med kulturskulen, ha dramatikarkurs for unge talent 12 – 16 år.

2020 avsluttar vi med ein musikal, der born skal spele alle rollene. Prosjektet er eit samarbeid mellom teateret, kulturskulen og danseverkstaden i Førde. Eksponering for kultur gjev auka kulturinteresse. Vårt ynskje er at repertoar og aktivitetar i 2020 vil fortsette å auke oppslutninga om SoFt.



## Søknad - Mål og nye tiltak

### Nye tiltak som føreset auka statleg driftstilskot (oversyn)

Prioritering	Namn på tiltaket	Søkt KUD
1	Nynorskhuset i Førde	1 000
2	Vestland Turnéteater	2 100

## Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket	Nynorskhuset i Førde
Kostnadsoverslag i heile tusen	1 370

<b>Finansieringskjelder</b>	<b>Søknadsbudsjett</b>	<b>2020</b>
Eigenfinansiering		100
Kulturdepartementet		1 000
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		190
Kommune/kommunar		80
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		0

### Grunngiving

Nynorskhuset vert eit kombinerte medie- og teaterhus og ein nasjonal aktør for å styrka norsk språk. Nye lokale vil legge til rette for utvida teaterdrift ved å gje oss større og betre lokale. SoFt har utfordringar i Førdehuset, publikumsområdet er delt med idrettshallar som fører til utfordringar med støy frå vrimleareal. Vi har utfordringar i teatersalen; lydproblem, siktlinjer, mangel på bak – og sidescener. Vi har behov for prøvesal, fleire garderobar, kontor, møterom, og oppgraderte og moderniserte verkstadar. Målet er å ruste SoFt til vidare publikumsutvikling i Sunnfjord kommune og til å utvikle eit sterkt turnéteater til beste for publikum i heile Vestland. Nynorskhuset vert ein viktig identitetsmarkør for heile Vestland.

### Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

I nytt hus vil vi leige meir areal som vert spesielt tilpassa dagens teaterdrift med moderne og formålstenlege lokale, difor ventar vi auka husleige. Vonleg vil det gje høgare publikumstilstrøyming og auka billettinntekter. Likevel er det uansvarleg å planlegge med at slike inntekter vil dekkje både kostnadane med utvida aktivitet i vertskommunen og auka husleigekostnad. I åra 2016 – 19 har SoFt auka den kunstnarisk aktiviteten til tross for ABE reforma. Vi har samla (stort og smått) hatt 44 produksjonar, frå 2012 – 2015 var dei tilsvarande tala 25. Det er viktig å oppretthalde auka aktivitet. Ved å omdisponere ordinært tilskot vil vi måtte redusere kunstnariske aktivitet og turneverksemd tilsvarande ein hovud- og ein mindre produksjon.

## Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket	Vestland Turnéteater
Kostnadsoverslag i heile tusen	3 000

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2020
Eigenfinansiering		0
Kulturdepartementet		2 100
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		675
Kommune/kommunar		225
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		0

### Grunngiving

Vi ynskjer å utvide turnédriфта til å gjelde heile Vestland. Vi vil utvikle oss i samsvar med samfunnet, utfordre og gjere djerve satsingar. Eit nynorsk turnéteater for det nye fylket er ei viktig regional og nasjonal satsing.

Målet er å sikre innbyggjarane i små og store grender eit likeverdig tilbod med scenekunst av høg kvalitet. Vi vil følgje opp regjeringa sitt integreringsløft ved å medverke til at fleire får ta del i gode kulturopplevingar. Vår turnékompetanse frå 1977 til i dag gjer oss i stand til å raskt vere operativ i heile det nye fylket.

Det krev politisk vilje for å sikre ei slik satsing - turnéverksemd er kostnadskrevjande! Difor er den mest sentrale utfordringa vår å sikre auka tilskot til slik utvida turnédriфт.

### Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Ved å omdisponere noverande ressursar til utvida turnéverksemd må vi produsere færre framsyningar. Tal produksjonar må halverast for å frigje midlar til turnedriфт i Hordaland tilsvarande det tilbodet Sogn og Fjordane har i dag. Eit slikt kutt vil på kort og lang sikt skade scenekunsten i fylket. Vidare er vi uroa over at eit slikt val vil svekke evna vår til å tiltrekkje oss kvalifisert personale. Eit sterkt produksjonsmiljø er avgjerande for å fremje kunstnarisk utvikling og fornying. Eit vitalt scenekunstmiljø gjev eit rikare og betre tilbod til publikum og speglar dei kulturpolitiske måla om et godt kulturtilbod i heile landet.

### Avslutting

Har institusjonen sendt separat søknad om investeringstilskot frå posten Nasjonale kulturbygg for søknadsåret?

Ja

Nei

Eg er kjent med at søknaden er offentlig.

### Andre kommentarer til søknaden

Vi har søkt om auka driftstilskot til to nye tiltak i 2020, Nynorskhuset og Vestland Turnéteater . Vi er usikre på om søknaden til Nynorskhuset høyrer heime under "nye tiltak som krev auka driftstilskot", eller under "prosjektmidlar". Midlane vi søker om i 2020 er til forprosjektet til Nynorskhuset. Hittil har vi finansiert prosjektleiar med ordinære driftsmidlar og tilskot frå Sunnfjord utvikling, Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Førde kommune. Vi har avtalt møte med Kulturdepartementet 12. mars for å informere nærare om både Nynorskhuset og Vestland turnéteater. I møtet ynskjer vi å drøfte om det bør gjerast endringar i søknaden frå driftstilskot til prosjektmidlar.